



# PÅ VEG

## 2016

Det matematisk-naturvitenskaplege fakultet  
Realfagbygget 18.-20. oktober 2016



UNIVERSITETET I BERGEN  
*Det matematisk-naturvitenskaplege fakultet*

# KVA SKAL DU BLI?

## KVA ER MÅLET MED STUDIA?

## KORLEIS SKAL DU NÅ MÅLET?

---

Haustsemesteret er godt i gang, og det er framleis ei stund til eksamen. Vår oppfordring er derfor å ta ein pause frå pensum og tenke framover, langt framover!

Bruk PÅ VEG-veka til å få nye idear, vurder andre moglegheiter og finn svar! Me anbefaler at du går på alle informasjonsmøtet du syns høyrer spennande ut. Kanskje endar du opp med å bytte studieprogram?

### **Din studie- og karriereplan**

Ein studie- og karriereplan inneheld både ein studieplan med valemne, eit aktivt studentliv, ferdigheiter og fagkunnskapar, og eit langsiktig mål og tankar om kva du skal gjere i vårsemesteret og når du er ferdig med grada di. Diskusjonar med andre studentar er ei god kjelde til nye idear og innfallsvinklar. Derfor skal klassane frå semesterstarten møtas igjen kl. 11.00-12.00 tysdag 18. oktober for å arbeide med nettopp studie- og karriereplanar.

PÅ VEG er ein god anledning til å stille dei rette spørsmåla og ein fin moglegheit til å finne nokre av svara. Bruke PÅ VEG godt!

Lykke til!

Med venleg helsing studierettleiarane på MatNat-fakultetet

# INNHALD

---

<b>PROGRAM FOR TYSDAG 18. OKTOBER</b>	<b>4 + midtsida</b>
<b>Min Veg – Foredrag</b>	<b>5</b>
Biologi og Miljø- og ressursfag	5
Molekylærbiologi	6
Geovitenskap	7
Petroleum- og prosessteknologi	7
Datafag og informatikk	8
Matematikk	9
Fiskehelse og Havbruk og sjømat	9
Nanoteknologi	10
Kjemi	11
Fysikk	11
Lærerutdanninga	12
Statistikk og aktuarfag	12
Meteorologi og oseanografi	12

---

<b>PROGRAM FOR ONSDAG 19. OKTOBER OG TORSDAG 20. OKTOBER</b>	<b>16</b>
Kurs i studieteknikk: På god veg til eksamen	17
Presentasjon: Forny StudENT ved BTO	17
Delstudiar i utlandet: Møt UiB-studentar	18
Studieopphald på Svalbard	19

---

Deltakarar på informasjonstorget	20
Lærerutdanning	21
Bibliotek for realfag	22
Universitetssenteret på Svalbard	24
Delstudiar i utlandet	25
Kontaktinformasjon institutt	27

# PROGRAM FOR TYS DAG 18. OKTOBER

---

## Kl. 11.00–12.00: Samling i klassane

---

Du som er ny student får nå ein moglegheit til å arbeide aktivt med **din eigen studie- og karriereplan**. Det er viktig at du er bevisst på dine mål med studiet. Det vil hjelpe deg til å halde motivasjonen oppe. Ein studie- og karriereplan inneheld både ein studieplan med valemne, eit aktivt studentliv, ferdigheiter og fagkunnskap, eit langsiktig mål og tankar om kva du skal gjere i vårsemesteret og når du er ferdig med grada di.

Bruk anledning til å diskutere med andre studentar – det kan gje både nye idear, svar på ting du lurte på og ikkje minst nye spørsmål du ikkje visste at du hadde.

## Kl. 12.00: Undervisningspris og informasjonstorg

---

I 1. etasje i realfagbygget blir det utdeling av undervisningsprisen 2016/17 ved realistutvalet og prodekan for utdanning Harald Walderhaug.

Mellom kl. 11.45-14.00 vil det vere informasjonstorg med interne og eksterne institutt, bransje- og interesseorganisasjonar og fagutvalet frå MatNat-fakultetet.

Her vil det også bli servert bollar, frukt og jus.

## Kl. 12.30–14.30: «MIN VEG»-foredrag

---

«MIN VEG» er korte foredrag med tidligare studentar frå dei ulike studieprogramma, som fortel om si studietid og overgangen til arbeidslivet.

Programoversikt på midtsida.

# MIN VEG

---

## FØREDRAG FRÅ TIDLEGARE STUDENTAR OM STUDIELØP OG OVERGANG TIL ARBEIDSLIVET

Ei utdanning innan realfag gir deg mange moglegheiter og gjennom desse føredraga har du moglegheit til å bli betre kjent med nokre av dei! Tidlegare studentar kjem tilbake til UiB for å fortelje om si studietid og det arbeidet dei har i dag. Kva slags arbeid har dei og korleis fekk dei det arbeidet?

Bruk dagen godt og gå på fleire føredrag – utforsk moglegheitene og vurder alt du kanskje er litt interessert i. Kanskje får du høyre om moglegheiter du ikkje visste du hadde?

## BIOLOGI og MILJØ- OG RESSURSFAG

Tysdag 18. oktober Aud. 1 kl. 12.30-13.00

---

### VARIERANDE ARBEIDSKVARDAG MED FORMIDLING

*Marte Mjånes Torkildsen, Norges Fiskerimuseum*

Marte Mjånes Torkildsen har ei bachelorgrad i biologi og ei mastergrad i marinbiologi frå UiB. I slutten av bachelorgrada var ho også på utveksling til James Cook University i Australia.

Marte skaffa seg relevant arbeidserfaring allereie i studietida. Andre året på bachelorgrada fekk ho sin første formidlingsjobb som guide på Akvariet i Bergen. Som masterstudent arbeida ho for Forskarfabrikken og som formidlar på Universitetsmuseet. På Forskarfabrikken formidla ho tverrfagleg naturvitskap, medan ho på Universitetsmuseet underviste både på natur- og kulturhistorisk museum.

Etter mastergrada jobba Marte som avdelingsingeniør ved marin biodiversitet i to år. I april 2015 fekk ho jobb som museumspedagog ved Norges fiskerimuseum. Her har ho ansvar for all undervisning, inkludert å lage undervisningsopplegg for skuleklassar på besøk. Ho

er også involvert i å lage nye utstillingar. Ho har ein svært variert kvardag som inkludere kontorarbeid, guiding og undervisning. I sommar har ho til og med drevet med kajakkpadling som er eit av tilboda ved museet!

## **MOLEKYLÆRBIOLOGI**

**Tysdag 18. oktober Aud. 1 kl. 13.00-13.30**

---

### **DOKTORGRADSSTIPENDIAT I MOLEKYLÆRBIOLOGI**

*Rasmus Moen Ree, Universitetet i Bergen*

Rasmus Moen Ree har ei bachelorgrad og ei mastergrad i molekylærbiologi frå UiB. I slutten av bachelorgrada var han på utveksling til Universitat de Barcelona i Spania.

Rasmus flytta til Bergen for å begynne å studere molekylærbiologi, men hadde ein ullen plan om å kunne hoppe over til medisin seinare, men fant etter kvart ut at forskning høyrtes mykje meir gøy ut. Etter mastergrada hadde han ei midlertidig stilling som teknikkar, før han begynte på doktorgrada si.

Prosjektet går ut på å studere ein spesiell klasse med protein som er viktige for liv og utvikling hjå menneske og dyr. Rasmus brukar mange forskjellige teknologiar og arbeidar på ulike nivå – frå kjemi i reagensrøyr til levande dyr – alt for å forstå rolla til proteina i helse og sjukdom. I føredraget kjem Rasmus til å snakke om korleis han ende opp i den jobben han har i dag og korleis ein vanleg arbeidsdag ser ut.

# **GEOVITSKAP**

**Tysdag 18. oktober Aud. 1 kl. 13.30-14.00**

---

## **DOKTORGRADSSTIPENDIAT I GEOBIOLOGI/KLIMA**

*Kristian Agasøster Haaga, Universitetet i Bergen*

Kristian fullførte si mastergrad i geovitenskap ved Universitetet i Bergen i juni 2014. Han skrev masteroppgåva innan geokjemi, og tema for oppgåva var geokjemisk analyse og petrogenetiske tolkingar av strøkningsbergartar frå Jan Mayen-Ryggen.

Kristian startet som overingeniør i laboratoriet til Norges Geologiske Undersøkelse (NGU) etter fullført studium, men arbeider nå som stipendiat ved Institutt for Geovitenskap ved UiB. Her er han knytta til Senter for Geobiologi (CGB) og Bjeknessenteret for klimaforskning (BCCR). Kristian arbeider i eit tverrfagleg, internasjonalt miljø, der han samarbeider med alt frå fysikarar, geologar, kjemikarar til biologar, for å studere samspelet mellom klima og geobiologi.

I sin presentasjon vil Kristian fortelje om kva val og tankar han gjorde seg undervegs i studiet og korleis han fekk jobb i etterkant. Han vil også snakke om kvifor han til slutt valte å satse på akademia, kva det inneber å ta ei doktorgrad og kvifor det er noko fleire studentar bør vurdere å gjere.

# **PETROLEUM- OG PROSESSTEKNOLOGI**

**Tysdag 18. oktober Aud. 1 kl. 14.00-14.30**

---

## **EKSPLOSJONAR SOM REDDAR LIV**

*Morten N. Holme, Gexcon*

Morten N. Holme har ei bachelorgrad i Prosessteknologi ved UiB frå 2012 og ei mastergrad i prosessteknologi, med spesialisering i sikkerhetsteknologi frå 2014.

Morten jobbar i dag som prosjektleiar i Gexcon, der han til dagleg arbeider med eksperimentell eksplosjonstesting. Han har til dømes jobba med eksplosjonstestar på minibankar for å stoppe bankranarar. Morten vil fortelje om korleis utdanninga frå UiB kjem godt med i ein variert arbeidskvardag med stadig nye utfordringar.

## **DATAFAG OG INFORMATIKK**

**Tysdag 18. oktober Aud. 2 kl. 12.30-13.00**

---

### **FOR MEIR DATADELING I OFFENTLEG SEKTOR**

*Livar Bergheim, Direktoratet for forvaltning og IKT (DIFI)*

Livar har ei bachelorgrad i informatikk og ei mastergrad i programutvikling frå UiB i 2015. I løpet av studiet hadde Livar ein prosjektoppgåve der han utvikla REALinfo-appen som alle nye realfagstudentar ved fakultetet nyttar godt av første semester. Under studietida var han aktiv i fagutval, fadderstyre, realistutvalet, studentparlamentet og IAESTE. Gjennom IAESTE hadde han sommarjobb i Thailand.

I dag jobbar Livar som rådgjevar i Direktoratet for forvaltning og IKT (DIFI). Ein viktig del av jobben er opne data (data.norge.no) og at staten skal bli meir digital.



# **MATEMATIKK OG MATEMATIKK FOR INDUSTRI OG TEKNOLOGI**

**Tysdag 19. oktober Aud. 2 kl. 13.00-13.30**

---

## **MATEMATIKAR I OLJEBRANSJEN**

*Torbjørn Ek, Statoil*

Torbjørn tok ei bachelorgrad i matematiske fag ved UiB, og fullførte så ei mastergrad i anvendt matematikk hausten 2012. Under studiet jobba han som gruppeleiar i fleire matematiske fag, og sat som studentrepresentant i instituttrådet ved Matematisk Institutt.

Sommaren mellom første- og andreåret i mastergraden hadde han sommarjobb ved Statoil sitt forskingssenter på Sandsli utanfor Bergen, der han starta som tilsett hausten 2012. Han har sidan jobba med forskning og utvikling innanfor modellering, analyse og prediksjon av reservoarmodellar. Nøyaktige reservoarmodellar og påliteleg simulering av reservoaret er grunnlaget for optimal feltvurdering og reservoarutnyttelse. Med kollegaer frå heile verda og stor variasjon i arbeidsoppgåvene, vil han fortelle korleis det er å vere anvendt matematikar innanfor eit energi- og petroleumfagleg miljø.

## **FISKEHELSE og HAVBRUK OG SJØMAT**

**Tirsdag 13. oktober Aud. 2 kl. 13.30 - 14.00**

---

### **MED FOKUS PÅ HELSA TIL FISKEN**

*Nils Fredrik Vestvik, PHARMAQ AS*

Nils gjekk på profesjonsstudiet i fiskehelse ved UiB og var ferdig i 2011. Han vil fortelje om studietida si ved UiB og dei første møta med ei framtidsretta næring. Etter studiet hadde Nils ei trainee-stilling i

Namdalen med fokus på nedkjemping av lus, før han var ein kort tur innom lokal fiskehelseteneste.

Nils jobbar nå som Technical Manager med oppfølging av PHARMAQ og PHARMAQ Analytiqs kundar. PHARMAQ utviklar vaksine og legemiddel, medan Analytiq driv med analyser – felles er fokuset på førebyggjande fiskehelse. Arbeidsdagen er derfor svært variert, med eit høgt tempo. Dagane er prega av reising til oppdrettsanlegg i heile Noreg, enten det er oppfølging av vaksinerings, prøveuttak, kundemøter eller seminar. I tillegg er det alltid nye prosjekt eller forsøk som skal gjennomførast på laks, lus eller reinsefisk. Å jobbe med fiskehelse er både viktig og spennande.

## **NANOTEKNOLOGI**

**Tysdag 18. oktober Aud. 2 kl. 14.00-14.30**

---

### **FRÅ NANOTEKNOLOGI TIL KREFTFORSKING**

*Maria Kolnes Lie, Universitetet i Bergen/Helse Bergen*

Etter å ha fullført ei bachelorgrad i nanoteknologi, fullførte Maria si mastergrad i nanovitskap hausten 2013. Masteroppgåva var knytta til forskingsgruppa «Cellnet» på Institutt for biomedisin.

Maria jobbar i dag som doktorgradsstipendiat i forskingsgruppa «Cellnet» på Institutt for biomedisin. Her studere ho korleis nano- og mikromiljø påverke cellene sin respons på kreftmedisin. Maria vil i sitt føredrag fortelje om mange fine år som student i Bergen og gje eit innblikk i sin arbeidskvardag som doktorgradsstipendiat.

## **KJEMI**

**Tysdag 18. oktober Aud. 3 kl. 12.30 - 13.00**

---

### **TILFELDIGVIS I OLJEBRANSJEN**

*Inger Høstmark, Aibel*

Inger Høstmark fullførte mastergrada si i organisk kjemi i november 2011. Ho tok både bachelor og master på UiB og jobbar i dag som prosessingenør i selskapet Aibel.

Inger vil fortelje om kjekke år på universitetet, inkludert blant anna frivillig arbeid for Norsk Kjemisk Selskap og eit utvekslingsopphald i Frankrike. I tillegg vil ho fortelje om korleis kjemi har gitt ho mange moglegheiter etter studietida, korleis ein tidlegare jobb på ViIVite med undervisning og vitensshow, og korleis hennar nåverande jobb hjå Aibel er, med offshoreturar og design av prosesssystem.

## **FYSIKK**

**Tysdag 18. oktober Aud. 3 kl. 13.30-14.00**

---

### **ATOMFYSIKER I OLJEBRANSJEN OG I SAMFERDSELSSEKTOREN**

*Stian Astad Sørngård, Trafsys*

Stian har ei mastergrad i optikk og atomfysikk frå UiB i 2009 og ei doktorgrad frå 2013. Etter dette har han jobba i oljeserviceselskapet Ziebel AS i Stavanger og Trafsys AS i Bergen. Trafsys er ei bedrift som levere intelligente trafikkstyringssystem til vegsektoren.

Under doktorgrada studerte Stian korleis små atom og molekyl blir påverka av korte og til del svært intense laserfelt. Dette arbeidet vart utført i gruppa for atomfysikk og optikk ved IFT. Stian vil fortelje om korleis det er å kome ut i arbeidslivet, samt gi eit innblikk i arbeidskvardagen hans.

# LÆRERUTDANNINGA

Tysdag 13. oktober Aud. 3 kl. 14.00-14.45

---

## YRKE: LÆRAR

*Terje Haugan Lie, Amalie Skram Videregående skole*

Terje har tatt integrert lektorutdanning med matematikk, fysikk og naturfag ved UiB. Han fullførte utdanninga hausten 2014. Etter dette har han jobba som realfagslærer på Amalie Skram vidaregåande skule i Bergen. Han vil fortelje litt om jobben sin – korleis det er å jobbe som realfagslærer i vidaregåande skule – og litt om erfaringar frå studietida.

Etter føredraget til Terje vil studierettleiaren på lærarutdanninga kort informere om korleis ein kan utdanne seg til realfagslærer ved UiB.

# STATISTIKK OG AKTUARFAG

Tysdag 19. oktober Aud. 4 kl. 12.30-13.00

---

## Å JOBBE SOM AKTUAR

*Hallvard Røyrane-Løtvedt, Tryg forsikring*

Hallvard Røyrane-Løtvedt fullførte si mastergrad i statistikk ved UiB i 2012.

I mars 2011 begynte Hallvard i ei 40 % stilling som «aktuarstudent» i Tryg. Etter at mastergrada var fullført i 2012 gjekk han over i ei 100 % fast stilling som aktuar/analytiker. I perioden april 2015-mars 2016 jobba han som konsulentaktuar i PwC, men ville tilbake til den gamle jobben i Tryg og jobbar nå som aktuar/analytiker i Tryg igjen. Hallvard har mest erfaring frå følgjande område: kunde/segment-analyser, prising/risiko og forsikringssvindel.

# METEOROLOGI OG OSEANOGRAFI

**Tysdag 18. oktober Aud. 4 kl. 14.00-14.30**

---

## **FRÅ MATEMATIKK OG FYSIKK TIL VERVARSLING**

*Cecilie Villanger, StormGEO*

Cecilie tok første ei bachelorgrad i meteorologi og oseanografi i 2011, før ho fullførte ei mastergrad i meteorologi og oseanografi, med spesialisering i meteorologi, våren 2013.

Etter at ho var ferdig utdanna har Cecilie jobba som meteorolog i StormGeo. Cecilie vil i sitt føredrag fortelje om korleis ho opplevde studiet i Bergen og på UNIS, Svalbard, og snakke om kva nytte ho har hatt av matematikk, fysikk og feltarbeid i kvardagen som meteorolog.

# PROGRAM FOR TYSDAG 18. OKTOBER

---

Tid	1. etg. og U. etg.	Auditorium 1
12.00	<b>INFORMASJONS- TORG</b>  <b>1. etg. stands med:</b> - studierettleiarar på alle studieprogram  <b>U. etg. stands med:</b> - fagutval - bransje- og interesseforeningar	
12.30		<b>Biologi og Miljø- og Ressursfag:</b> Varierende arbeidskvardag med formidling (s. 5)
13.00		<b>Molekylærbiologi:</b> Doktorgradsstipendiat i molekylærbiologi (s. 6)
13.30		<b>Geovitenskap:</b> Doktorgradsstipendiat i geobiologi/klima (s. 7)
14.00		<b>Petroleum- og prosessteknologi:</b> Eksplosjonar som reddar liv (s. 7)

Auditorium 2	Auditorium 3	Auditorium 4
<p><b>Datafag og informatikk:</b> For meir datadeling i offentlig sektor (s. 8)</p>	<p><b>Kjemi:</b> Tilfeldigvis i oljebransjen (s. 11)</p>	<p><b>Statistikk og Aktuarfag:</b> Å jobbe som aktuar (s. 12)</p>
<p><b>Matematikk og Matematikk for industri og teknologi:</b> Matematikar i oljebransjen (s. 9)</p>		
<p><b>Fiskehelse og Havbruk og sjømat:</b> Med fokus på helsa til fisken (s. 9)</p>	<p><b>Fysikk:</b> Atomfysiker i oljebransjen og i samferdselssektoren (s. 11)</p>	
<p><b>Nanoteknologi:</b> Frå nanoteknologi til kreftforskning (s. 10)</p>	<p><b>Lærerutdanninga:</b> Yrke: Lærer (s. 12)</p>	<p><b>Meteorologi og oseanografi:</b> Frå matematikk og fysikk til vervarsling (s. 13)</p>

# PROGRAM FOR ONSDAG 19. OKTOBER

---

<b>Tid</b>	<b>Auditorium 1</b>
<b>12.15-13.00</b>	Kurs i studieteknikk: På god veg til eksamen
<b>Tid</b>	<b>Auditorium 2</b>
<b>14.15-15.00</b>	Kurs i studieteknikk: På god veg til eksamen

# PROGRAM FOR TORSDAG 20. OKTOBER

---

<b>Tid</b>	<b>Auditorium 2</b>
<b>12.15-13.00</b>	Delstudiar i utlandet
<b>13.15-14.00</b>	Studieopphald på Svalbard

<b>Tid</b>	<b>Auditorium 3</b>
<b>14.15-14.45</b>	Forny StudENT med Bergen Teknologioverføring



# **KURS I STUDIETEKNIKK: PÅ GOD VEG TIL EKSAMEN**

**Onsdag 19. oktober Aud. 1 kl. 12.15-13.00, Aud. 2  
kl. 14.15-15.00**

---

*Berit Christine Nestås og Line Fleischer, SiB Karriere &  
Studiemestring*

Rådgjevarar frå SiB Karriere & Studiemestring gir deg tips til korleis du kan strukturere kvardagen din og førebygge eksamensstress.

Kurset var svært populært i fjor!

<http://www.sib.no/no/raadgivning>

## **PRESENTASJON: Forny StudENT**

**Torsdag 20. oktober Aud. 3 kl. 14.15-14.45**

---

*Nils-Eivind Holmedal, Bergen Teknologioverføring (BTO)*

Norges Forskningsråd lyste i 2016 ut 25 millionar kroner til gode studentidear, me forvente at dei vil bruke minst like mykje pengar i 2017. Det betyr at du som nærmar deg ferdig med masteroppgåva kan få inntil 1 million kroner til å kommersialisere resultatata frå arbeidet ditt, med visse føresetnadar. Har du ei masteroppgåve som kan vidareutviklast til di eiga bedrift? Høyres dette interessant ut? BTO deler av si erfaring og kjem med nyttige tips på vegen mot stipend frå forskingsrådet.

# DELSTUDIAR I UTLANDET

**Torsdag 20. oktober Aud. 2 kl. 12.15-13.00,  
spørjetorg etter møtet**

---

## UTVEKSLING

Har du lyst til å reise på utveksling? På dette møtet håpar me å inspirere deg til å ta steget ut i verda og gi deg svar på praktiske spørsmål rundt det å reise på utveksling.

Eit studieopphald i utlandet kan gje verdifull internasjonal erfaring, opplevingar for livet, venner frå heile verda og betre språkkunnskapar. Ein vitskapleg tilsett vil snakke om kvifor det er lurt å reise på utveksling. Studierettleiarar frå infosenteret vil snakke litt om søknadsprosessen og kva du må tenke på før du reiser ut, i tillegg vil studentar som har vore på utveksling fortelje om sine studieopphald i ulike land i verda.

Etter møtet vil det vere mogleg å spør studentane og studierettleiarane om det du lurar på rett utanfor auditorium 2.



# STUDIEOPPHALD PÅ SVALBARD

**Torsdag 20. oktober Aud. 2 kl. 13.15-14.00**

---

Her vil du få informasjon om kva for bachelorprogram det er aktuelt med eit semester eller to på Universitetssenteret på Svalbard (UNIS) for. Lise Øverås frå Institutt for biologi, som også undervise ved UNIS, vil snakke om kvifor UNIS er eit godt val frå eit fagleg perspektiv. Ein student som har hatt eit studieopphald på Svalbard vil fortelje om korleis det var.

Som student ved UNIS har du ein eineståande moglegheit til å studere arktisk natur og arktiske prosessar på nært hald.

Studietilbodet ved UNIS utmerkar seg med ein stor grad av feltarbeid, gode undervisarar og eit internasjonalt miljø, der om lag 50 % av studentane er frå andre land enn Norge.

Etter møtet vil det vere ein stand der du kan få svar på det du lurar på om å studere på Svalbard.

Dei mest aktuelle programma har tilrettelagt for eit studieopphald ved UNIS på Svalbard:

<http://www.uib.no/matnat/utdanning/studietilbud/studier-paa-svalbard>



# DELTAKARAR PÅ INFORMASJONSTORGET

---

På informasjonstorget i U. og 1. etg. kan du i tillegg til aktørane som er lista opp nedanfor og til høgre møte ulike bransje- og interesseorganisasjonar.

Her er det både faglege og sosiale organisasjonar du kan engasjere deg i, slik at studietida blir endå kjekkare. Ulike engasjement i studietida gjer også at du står sterkare når du skal ut i arbeid med tanke på relevant arbeidserfaring og nettverksbygging.

På infotorget vil du også få tips til mangfaldet av aktuelle og relevante deltidsjobbar på MatNat og hjå andre aktørar som IAESTE, ENT3R, VilVite og vektorprogrammet.

## RU og fagutval

Realistutvalet og fleire av fagutvala på institutta vil ha stand og informere om sine aktivitetar.

## IASTE

IASTE er ein studentorganisasjon som driv med utveksling av fagrelevante sommarjobbar for realfags- og teknologistudentar. I tillegg arrangerer IASTE ein årleg næringslivsdag, så her er det moglegheiter for sommarjobb i utlandet og verdifull erfaring frå organisasjonsarbeid.

## ENT3R

ENT3R er eit studentdrevet motivasjonsprogram der studentar frå realfaglege studiar er mentorar som gir realfagstrening og fungere som rollemodellar for elever frå 10. klasse på ungdomstrinnet og 1. og 2. klasse på vidaregåande.

## Institutta ved Det matematisk-naturvitenskaplege fakultet

Har du spørsmål om studieprogrammet du går på eller vil du kanskje vite meir om andre studieprogram ved fakultetet? Studierettleiarane er på informasjonstorget for å svare på det du lurar på!

## Utveksling

Administrasjonen ved UiB hjelper deg med alt det praktiske når du endeleg har bestemt deg for å reise på utveksling. I infosenteret kan du få hjelp til å finne dine moglegheiter for å reise på utveksling og få hjelp til å søke.

## SiB Karriere & Studiemestring

SiB Karriere & Studiemestring tilbyr blant anna ulike kurs (jobbsøkerkurs, intervjutrening, eksamensangst osv.), i tillegg til rådgjeving og karriererettleiing.

## Realfagsbiblioteket

På biblioteket finner du bøker, tidsskrift og masteroppgåver innan realfag, i tillegg til trådaust nett, utskriftstenester og lesepassar.

# LÆRERUTDANNING

---

Ved UiB kan du bli lærar i realfag på to ulike måtar:

- **Lektorprogrammet**
- **Mastergrad + eittårig praktisk-pedagogisk utdanning (PPU)**

I det første alternativet tek ein emne i to fag, fagdidaktikk, pedagogikk og praksis parallelt gjennom heile studiet. I det andre alternativet tek ein første ei rein fagleg utdanning, før ein tek fagdidaktikk, pedagogikk og praksis konsentrert på eit år.

**Lektorprogrammet** passar for deg som allereie ved studiestart eller i løpet av det første studieåret bestemmer deg for å bli lærar. Gjennom lektorprogrammet følgjer du eit fast program som sikre at du får dekket det som trengs for å bli lærar. Det vil seie at du får ei ferdig «pakke». Men det er viktig å vere obs på at lektorprogrammet berre tilbyr visse fagkombinasjonar. Det er også avgrensa kor mykje tidlegare fagutdanning som ein kan få innpass for i programmet. Sidan ein tek fag, pedagogikk og fagdidaktikk parallelt med praksis gjennom heile studiet er det fokus på læreryrket og undervisning frå start til slutt. Dette kan vere ein fordel fordi det gjer meir tid til å reflektere over det å vere ein god lærar.

For opptak til lektorprogrammet må du søke gjennom samordna opptak, søknadsfristen er 15. april (1.mars for særskilt opptak).

**Mastergrad og eittårig PPU** er eit godt alternativ til lektorprogrammet for deg som

- Ønske andre fagkombinasjonar enn det som er mogleg innan lektorprogrammet, til dømes master i matematikk med norsk på sida av
- Ønske meir fagleg fordjuping/spesialisering enn det som er mogleg innanfor lektorprogrammet
- Allereie har studert ei stund og har tatt fag som er aktuelle for læreryrket
- Ikkje er 100% sikker på om du vil bli lærar

Dersom du vel denne vegen til læreryrket må du sjølv passe på å ta den emnekombinasjonen som er nødvendig for å få opptak til PPU. På fakultetet sine nettsider finn du ei liste med anbefalte emne. Det er lurt å undersøke dette tidleg i bachelorstudiet for å unngå å måtte bruke ekstra tid på å kvalifisere seg til PPU.

For opptak til PPU må du søke gjennom søknadsweb, søknadsfristen er normalt 15. april (opptak ein gong i året).

For meir info om læreryrket og lærarutdanninga ved UiB, kom på føredraget tysdag 18. oktober kl. 14.00 i auditorium 3, U. etg., Realfagbygget (meir info side 12).

Du kan også ta kontakt med studierettleiar Marianne Jensen på [studieveileder.laerer@mnfa.uib.no](mailto:studieveileder.laerer@mnfa.uib.no) eller 55 58 28 41.

Sjå også lærarutdanninga si nettside:

<http://www.uib.no/matnat/53971/l/%c3%a6rerutdanning-ved-mn-fakultetet>

# BIBLIOTEK FOR REALFAG

**Opent kl. 08.30-19.00 mandag til fredag, kl. 10.00-16.00 laurdag**

---

Her finn du bøker og tidsskrift innan realfag. Som student ved UiB har du tilgang til alle våre elektroniske ressursar: e-bøker, elektroniske oppslagsverk og artikkeldatabaser. Desse kan du bruke både på og utanfor campus, dersom du er logga på UiB sitt nettverk. Dersom du startar søket på vår heimeside ([uib.no/ub](http://uib.no/ub)) blir du automatisk kopla opp når du logger inn med brukarnamn og passord.

## **Lese plassar**

Me har i overkant av 100 studentlese plassar. Mange av plassane har PC som du kan logge deg på. Dersom du har med eigen PC, har biblioteket trådløst nettverk og uttak for kabel. For utskrift, kopiering og skanning har biblioteket fleire multifunksjonelle skrivarar (Ricoh PullPrint). I vår pausekrok kan du slappe av, ete matpakken og småprate.

## **Lån**

Lånetida på bøker er vanlegvis 4 veker. Dersom andre ikkje har bestilt bøkene blir lånet automatisk fornya i opptil 4 månadar.

## **Pensumlitteratur**

Biblioteket kjøper inn pensumbøker som blir brukt i emne ved MN-fakultetet. Eksemplar som står i ordinær samling kan du låne med deg heim. Noko av pensumlitteraturen vil også vere tilgjengeleg elektronisk. I tillegg skal du alltid finne eit eksemplar av alle pensumbøker i ei eiga pensumsamling i biblioteket. Desse er ikkje til heimlån.

## **Søk**

Du søker i våre samlingar frå vår heimeside: [uib.no/ub](http://uib.no/ub). Her finn du fram til bøker og tidsskrift, du ser om bøkene står på hylla eller om dei er tilgjengelege på nett. Dersom boka er utlånt eller eigd av eit anna bibliotek kan du bestille eller reservere. Spør biblioteket om reglar som gjeld for bestilling av lån og kopier.

## **Kurs**

Biblioteket held mange kurs i informasjonssøk og referansehandtering (EndNote) både for nye og for vidarekomne studentar. Rettleiing i søking, skriving og kjeldebruk finn du også som del av «Søk & Skriv» (sokogskriv.no). Dette er eit nettbasert kurs i oppgåveskriving som er vel verdt å sjå nærmare på.

Dersom du treng hjelp til å finne litteratur innan eit bestemt emne, kan du avtale rettleiing med ein av våre fagutdanna realistar. Har du enkle spørsmål du raskt vil ha svar på, kan du bruke Universitetsbiblioteket si chatteteneste mellom kl. 10-15 på våre nettsider, eller kome innom biblioteket og spør i skranken.

## **Velkommen!**

### **Bibliotek for realfag**

**Johs. Brunsgate 12 (Carl L. Godskes hus)**

**Telefon: 55 58 48 10**

**E-post: [ubbrb@ub.uib.no](mailto:ubbrb@ub.uib.no)**



UNIS ligg sentralt til i Longyearbyen på Svalbard og har etter kvart utvikla seg til eit spennande internasjonalt universitetssenter, der det både er stor forskingsaktivitet og undervisning i fagfelt innanfor arktisk geologi, arktisk geofysikk, arktisk biologi og arktisk teknologi.

UNIS er eit viktig supplement til MN-fakultetet sin feltbasterte undervisning og me oppfordre deg til å ta dele av studiet ditt ved UNIS. Eit opphald ved UNIS vil gje deg ein unik moglegheit til å oppleve arktisk natur, i tillegg til å få den faglege basisen.

Førelesarane er internasjonale tungvektarar innan sine respektive fagfelt, som for kortare eller lengre periodar blir leigd inn for å formidle sin kunnskap og sitt engasjement ovanfor dei spesielle forholda i det arktiske miljøet. Studentar frå inn- og utland reiser til UNIS for å delta på kurs og bidra til eit internasjonalt miljø.

Alle kurs på UNIS er godkjent av UiB og du kan derfor bruke desse i grada di her. Alle UNIS-kurs som er bestått vil vise på karakterutskrift som du bestiller på studentweb.

Dersom du ønsker å ta kurs ved UNIS oppfordre me deg til å ta kontakt med studierettleiaren på studieprogrammet ditt tidleg i utdanningsløpet ditt. Heilt bak i dette heftet finn du ein oversikt over studierettleiarane på dei ulike programma, dei veit kva kurs ved UNIS som gir fritak for emne ved UiB.

Informasjon om emne, opptak og opptakskrav finn du på UNIS sine heimesider: [www.unis.no](http://www.unis.no)

**Søknadsfrist er 15. april for haustsemesteret og 15. oktober for vårsemesteret.**





# DELSTUDIAR I UTLANDET

---

Alle studentar ved UiB har moglegheit til å få eit utanlandsopphald i løpet av studiet. UiB har avtaler med ei rekke utdanningsinstitusjonar rundt om i verda og me anbefaler alle våre studentar å ta eit eller to semester ved ein av desse institusjonane for å få internasjonal erfaring, betre språkkunnskapar, forståing for andre kulturar og ein større horisont.



Kvart studieprogram har inngått avtalar med studiestadar dei meiner passar spesielt godt for studentar på det aktuelle programmet. Du kan velje å reise i eit semester med valfag og ta emne som UiB til dømes ikkje tilbyr og dermed få ein anna fagleg profil på grada di, eller du kan ta emne som erstatte emne i programmet ditt. For studieprogram med tettpakka obligatoriske emne kan det vere eit alternativ å ta eit sommarsemester i utlandet. Hugs at Lånekassen kan gje støtte til deler av skulepengane og reisestøtte i tillegg til ditt vanlege studielån.

## **Kor finn du informasjon om delstudiar i utlandet?**

På [uib.no/utdanning](http://uib.no/utdanning) kan du lese om kva utvekslingsmoglegheiter du har. Du kan finne inspirasjon og få idear til kor du kan dra, kva fagtilbod institusjonane har og korleis du går fram for å søke.

Har du spørsmål om utveksling kan du gjerne spør i Infosenter for realfagstudenter. I skranken kan dei svare på spørsmål om søknadsprosessen, når du kan reise i forhold til ditt studieprogram, kva avtaler som gjeld og kor du finn meir informasjon på nettsidene. Når du har valt ut lærestadar du ønsker å søke deg til vil

studierettleiaren din kunne hjelpe deg med forhandsgodkjenning av emne.

### **Internasjonal dag**

UiB vil i 2016 arrangere internasjonal veke i veke 3. Som ein del av dette arrangementet vil MN-fakultetet ha ein Internasjonal dag. Det vil vere eit tett program med informasjon om utveksling, presentasjonar av studentar som har vore på utveksling, i tillegg til «søknadsverkstad». Følg med på invitasjonar til møter og andre arrangement i januar.

**Det er to søknadsrundar for utveksling kvart år:**

#### **1.februar 2016:**

**Gjeld for dei som vil på utveksling**

- **Haustsemesteret 2016**
- **Haustsemesteret 2016 OG vårsemesteret 2017**

#### **1.september 2016:**

**Gjeld for dei som vil på utveksling:**

- **Vårsemesteret 2017**

<b>Kontaktinformasjon institutt</b>			
<b>Institutt og Ansvarsområde</b>	<b>E-post</b>	<b>Kontaktperson</b>	<b>Tlf. 55 58 +</b>
<b>Institutt for biologi</b>			
Bachelor i biologi	<a href="mailto:Studie@bio.uib.no">Studie@bio.uib.no</a>	Beate U. Rensvik	22 41
Bachelor i miljø- og ressursfag	<a href="mailto:Studie@bio.uib.no">Studie@bio.uib.no</a>	Kristin Holtermann	44 81
Fiskehelse/havbruk og sjømat	<a href="mailto:Studie@bio.uib.no">Studie@bio.uib.no</a>	Tommy Strand	44 09
Master	<a href="mailto:Studie@bio.uib.no">Studie@bio.uib.no</a>	Kristin Kalvik	33 45
Master	<a href="mailto:Studie@bio.uib.no">Studie@bio.uib.no</a>	Berit Øglænd	44 10
<b>Molekylærbiologisk institutt</b>			
Bachelor og master	<a href="mailto:Studieveileder@mbi.uib.no">Studieveileder@mbi.uib.no</a>	Lill Kristin Knudsen	45 29
<b>Institutt for geovitenskap</b>			
Bachelor	<a href="mailto:Studieveileder@geo.uib.no">Studieveileder@geo.uib.no</a>	Anders B. Kulseng	35 19
Master	<a href="mailto:Studieveileder@geo.uib.no">Studieveileder@geo.uib.no</a>	Caroline E. Christie	35 25
<b>Geofysisk institutt</b>			
Bachelor	<a href="mailto:Studieveileder@gfi.uib.no">Studieveileder@gfi.uib.no</a>	Elin Sletbakk	28 93
Master	<a href="mailto:Studieveileder@gfi.uib.no">Studieveileder@gfi.uib.no</a>	Elisabeth A Sæther	26 04
<b>Institutt for fysikk og teknologi</b>			
Fysikk	<a href="mailto:Studieveileder@ift.uib.no">Studieveileder@ift.uib.no</a>	Endre Ivar Sæ	27 91
Petroleum og prosess	<a href="mailto:Studieveileder.ppt@ift.uib.no">Studieveileder.ppt@ift.uib.no</a>	Kari Halland	28 64
<b>Matematisk institutt</b>			
Matematiske fag	<a href="mailto:Studieveileder@math.uib.no">Studieveileder@math.uib.no</a>	Kristine Lysnes	28 34
Lærerutdanning	<a href="mailto:Studieveileder.laerer@mnfa.uib.no">Studieveileder.laerer@mnfa.uib.no</a>	Marianne Jensen	28 41
<b>Institutt for informatikk</b>			
Bachelor	<a href="mailto:Studieveileder@ii.uib.no">Studieveileder@ii.uib.no</a>	Ida Rosenlund	42 86
Master	<a href="mailto:Studieveileder@ii.uib.no">Studieveileder@ii.uib.no</a>	Pål M. Gunnestad	40 25
<b>Kjemisk institutt</b>			
Kjemi	<a href="mailto:Studieveileder@kj.uib.no">Studieveileder@kj.uib.no</a>	Unni L. Buanes	34 45
Nanoteknologi	<a href="mailto:Studieveileder@nano.uib.no">Studieveileder@nano.uib.no</a>	Hege Ommedal	34 46



Sjekk også programmet på <http://www.uib.no/matnat>

Det matematisk-naturvitenskapelige fakultet, UiB. Oktober 2016